

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: *Flordaland*Tilleggsspørsmål nr. *Beit og Brom.*Herad: *Voss*

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: *Fvar & Fosthus,*Gard: *Fosthus*(adresse): *Reimegrend.*G.nr. *141* Br.nr. *1.*

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Beit og Brom.

1. Beit har det vore mykje mykje her på gardane. Og det vert brukt noko emda på sume gardar.

Det vert helst sagt beit, dei er det serleg meint bjørkeris.

Dei brukte og noko ospebeit men det kalla dei for brot.

2. Some: Me har vå te skogs ette beitalass, kroyt på vanleg slede. Det vart og sagt at dei skulde "os å beita".

3. Beiti vart henta heim på yngre tider um vinteren, all etter som vor og for var. Kvistane vart hogde av grovste strangane (stamma) i skogen og kroyde heim i beitalass og så ris te dei beiti av heime i tunet.

4. Dei riste beiti med smidl, og
sanne brukte lausigd.

5. Det var berre Kyne som fekk beit

6. Bjørkeriset (Kvistane) vart lagt
i store kostar (dunga) som vart
kalla for beitakost, den låg ved låa
eller vedhuse. Og so vart det rist
beit til dagen eller fleire dagar
inn gongje. Det var serleg um å
gjera å hava ein stor beitakost
til jola.

7. Godmor og godfar snakke um at i
deira barndom, var det brukt i
henta heim beit eller skav lang-
fredags morgon, på fastande hjarta
Og det skulde verta omkring
1870 år.

3481